



**KOMMUNAL PLANSTRATEGI
FOR
VINJE KOMMUNE**

2016-2019

INNHOLD

BAKGRUNN, FORMÅL OG RAMMER FOR PLANSTRATEGIEN	3
BAKGRUNN.....	3
FORMÅLET MED PLANSTRATEGI	3
TILHØVET MELLOM PLANSTRATEGI OG KOMMUNALE PLANAR.....	5
RAMMER FOR ARBEIDET	5
OM VINJE.....	10
TAL FRÅ VINJE OG VÅRE UTFORDRINGAR.....	11
KVA UTVIKLINGSTREKK I STORSAMFUNNET KAN VI FÅ DRAHJELP AV TIL Å UTVIKLE EIGE LOKALSAMFUNN?	12
STATUS, DRØFTING OG PRIORITERING AV PLANAR OG PLANBEHOV	15
VÅRE PLANAR	15
PRIORITERING	24
VEDLEGG: UTFORDRINGSNOTAT OG TAL OM VINJE.....	27

BAKGRUNN

Den fyrste planstrategien, frå 2012-2015, blei vedteken av kommunestyret i 2013. Denne planstrategien skal no reviderast.

Gjennom den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast, heilt eller delvis, eller bli vidareført utan endringar. Kommunestyret må og ta stilling til om det er behov for revisjon av underordna planar i valperioden 2016-2019.

Planstrategien har ingen rettsverknad og er ikkje formelt bindande for kommunen. Den kan reviderast etter behov innafor valperioden. Synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar har vore innhenta og saman med dei sektorvise innspela frå kommunens tenesteleiarar dannar dette grunnlaget for Vinje kommune sin planstrategi.

Formannskapet vedtok i sak 15/33 i møte 30.04.2015 at arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel skulle starte opp. Arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og planstrategien gjeng difor parallelt og administrasjonen har utarbeid eit felles utfordringsnotat med bakgrunnsinformasjon for planstrategien og kommuneplanens samfunnsdel. (ligg ved).

Nye mål og strategiar for kommunen vert ikkje vedtekne i kommunal planstrategi, men blir teke opp i kommuneplanen for Vinje. Formannskapet har vedteke hovudmåla i samfunnsdelen. Det er **Ein god stad og vera for alle, Med naturen som ressurs** og **Kompetansekommunen**. Desse måla bør så langt råd, henge godt saman med dei planane ein skal prioritere i Planstrategien.

FORMÅLET MED PLANSTRATEGI

Planstrategien er forankra i plan- og bygningslova § 10-1. *Kommunal planstrategi* som seier:

“Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11. ”

Plandelen i den nye plan- og bygningslova trådte i kraft 1. juli 2009. Med lovendringa vart krav om kommunal planstrategi innført som eit nytt verktøy:

- **Betre og meir behovsstyrt planlegging**

Formålet er å klargjere kva for planoppgåver kommunen bør starte opp med eller vidareføre for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegging skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

- **Verktøy for politisk prioritering av planoppgåver**

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å imøtekoma kommunens behov. Eit viktig siktemål er å styrkje den politiske styringa av kva for planoppgåver som skal prioriteras.

- **Betre samarbeid om planlegging på tvers av kommune –og fylkesgrenser**


Kommunal planstrategi er ein viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging. Dette kan gjelde både innanfor arealplanlegging og tenesteyting.

- **Kommunal planstrategi er ikkje ein plan**

Kommunal planstrategi er soleis ikkje ein arena for å vedtaka mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

Planstrategien er retningsgivande for kommunes planlegging og har ingen direkte rettsverknad for kommunens innbyggjarar. Det kan ikkje fremjas innsigelsar mot kommunal planstrategi.

TILHØVET MELLOM PLANSTRATEGI OG KOMMUNALE PLANAR



RAMMER FOR ARBEIDET

Det er ei rekkje overordna føringar for arbeidet med kommunal planstrategi. For kommunen ligg utfordringa i å finne «sin veg» innafor desse rammene.

➤ Nasjonale forventningar

For å fremje ei berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal leggjast til grunn for arbeidet til dei nye fylkestinga og kommunestyra med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventningane skal også leggjast til grunn for korleis dei statlege styresmaktene skal ta del i planlegginga. Oppfølging frå alle partar vil bidra til betre samanheng mellom nasjonal, regional og kommunal planlegging, og gjere planlegginga meir føreseieleg og målretta.

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å finne heilskaplege løysingar, der ein har

både lokale forhold og lokalpolitiske interesser og omsyn i tankane – saman med nasjonale og viktige regionale interesser. Forventningsdokumentet er ikkje uttømmende for alle oppgåver og omsyn som kommunane og fylkeskommunane skal sørge for gjennom planlegginga etter plan- og bygningslova. Ein må derfor sjå dokumentet i samanheng med det regelverket og den rettleiinga som gjeld.

Første del av dokumentet handlar om gode og effektive planprosessar:

- Enklare regelverk og betre samarbeid
- Målretta planlegging
- Auka bruk av IKT i planlegginga

Andre del handlar om planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt:

- Eit klimavennleg og sikkert samfunn
- Aktiv forvaltning av natur –og kulturminneverdiar
- Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse

Tredje del handlar om planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde spesielt:

- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Eit framtidsretta og miljøvennleg transportsystem
- Levande by- og tettstadssenter
- Helse og trivsel

➤ [Kommunereforma](#)

Regjeringa har sett i verk arbeidet med kommunereform. Eit viktig føremål er å få større, sterkare og meir robuste kommunar som betre er i stand til å løyse eksisterande og framtidige oppgåver. Vidare peikar regjeringa på demokratiske utfordringar knytt til eit aukande interkommunalt samarbeid, og at ei kommunestruktureform og skal vere ei demokratireform. Trongen til interkommunalt samarbeid skal minskast samstundes som kommunane skal få nye oppgåver.

➤ **Mange regional planar og interkommunalt samarbeid påverkar og arbeidet lokalt**

[Regional planstrategi for Telemark](#)

Bærekraftige Telemark 2012-2016 -under revisjon.

[Fylkeskommunale strategiar](#)

[Regional plan for samordna areal og transport i Telemark \(ATP\) 2015-2025 med Handlingsprogram.](#)

Telemark fylkeskommune har laga ein plan for betre å kunne samordne arealbruken og dei ulike transportformene, med handlingsprogram 2015-18. Den nye planen erstattar følgjande regionale planar i Telemark:

- fylkesvegplan
- senterstrukturplan
- kollektivplan
- trafikktryggleiksplan

[Regional plan for Hardangervidda med Handlingsprogram for 2013-2016.](#)

Planen skal ivareta villreinstamma og å leggje til rette for næringsutvikling basert på ressursgrunnlaget i bygdene rundt Hardangervidda.

[Regional plan for Setesdal Austhei, Vesthei og Setesdalsheiane med Handlingsprogram for 2015-2018.](#)

Planen med retningslinjer for arealbruk, rammer for verdiskaping, og eit nasjonalt villreinområde, skal sikre ein livskraftig villreinbestand i heiene over lang tid. Dette skal skje ved å foreine mål om lokal omstilling og utvikling med nasjonale mål om en heilskapleg forvaltning av fjellområda, og sikring av villreinens leveområder.

Fokus er på bruk, vern og verdiskaping.

[Regional plan for vassforvaltning 2016-2021.](#)

Den regionale vassforvaltningsplanen er eit viktig verktøy for bærekraftig bruk og beskyttelse av våre vassressursar. Vassforvaltning krev utstrakt samarbeid mellom sektorar og over administrative grenser. Eit godt vassmiljø krev at sektorane arbeider sammen og ser utover eigne sektorgrenser for å finne fram til gode og naudsynte, felles tiltak.

[Regional plan for nyskaping og næringsutvikling.](#)

Regional plan for nyskaping og næringsutvikling skal stimulere til auka verdiskaping og høgare tall på arbeidsplasser i privat næringsliv i Telemark.

[Regional plan for oppvekst og kompetanse 2016-2020.](#)

Telemark vil ha gode oppvekstmiljø og livslang læring for alle. Planen skal mellom anna bidra til å gjere overgangane mellom heim og barnehage, barnehage og grunnskole og grunnskole og vidaregåande skule saumløse. Telemark fylkeskommune har høge ambisjonar om å kva tenester dette fylket skal gje innbyggerane sine.

Landbruks –og matmelding for Telemark 2013.

Meldinga fokuserer på tiltak som kan auke verdiskapinga i landbruket i fylket, og på tiltak som kan auke rekrutteringa til næringa.

Reiseliv og opplevelser 2011-2024 med Handlingsprogram som rullerast årleg.

Målet er at planen skal bli bruka av alle reiselivsaktørar slik at offentlege verkemiddel blir bruka saman med næringanes egne ressursar på ein effektiv og samordna måte.

- **Interkommunale samarbeid**

Dei seinare åra er det lagt til rette for auka interkommunalt samarbeid, m.a. gjennom endringar i kommunelova. Frå 1.1.2007 har vi fått ein ny paragraf i kommunelova (§ 28) som gjev anledning til etablering av vertskommunesamarbeid med overføring av styresmakt til ein annan kommune. Dette har til dømes opna for etablering av interkommunale barnevern, og det er no registrert over 50 slike samarbeid på landsbasis. I tillegg har òg den såkalla samkommunemodellen blitt lovfesta som ei meir forpliktande samarbeidsform, men denne modellen er det berre nokre få kommunar som har teke i bruk, og ingen ligg i Vest-Telemark (Brandtzæg 2014). Dette er òg ein modell som regjeringa no ynskjer å avvikle.

Tal på samarbeid kvar av Vest-Telemarkskommunane inngår i:

Kviteseid 29

Tokke 26

Seljord 24

Nissedal 24

Vinje 24

Fyresdal 22

Oversikt over dei interkommunale samarbeida Vinje deltek i:

Namn på samarbeid	Kommunar i Vest-Telemark som deltek	Organisasjonsform	Føremål
Vest-Telemark rådet	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	§27-samarbeid	Regionråd for kommunane i Vest-Telemark
Telemark kommunerevisjon IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Kommunal revisorteneste for alle kommunane i Telemark, Larvik og Lardal kommune, samt Telemark fylkeskommune
Agder og Telemark Kontrollutvalssekretariat IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Kontrollutvalssekretariat for alle kommunane i Telemark og Agder, samt fylkeskommunane

Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll	Seljord, Vinje og Fyresdal	Vertskommunesamarbeid - Bø	Oppgåva er å kontrollere om arbeidsgjevarane i desse kommunane gjennomfører forskotstrekk og reknar ut arbeidsgjevaravgift i samsvar med regelverket i skattebetalings- og folketrygdlova. Med jamne mellomrom gjennomfører vi kontroll av rekneskap og bilag hos næringsdrivande.
IKT-samarbeid	Vinje og Tokke	Vertskommunesamarbeid - Vinje	Felles drift av serverar og programvare
BTV Innkjøp	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles støttefunksjon for eHandel i kommunane. Eigast av fylkeskommunane.
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles arkiv for kommunar i Vestfold, Telemark og Buskerud, samt fylkeskommunane
Legevaktsamarbeid	Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid - Vinje	Legevakt på kveld, natt og helg
Samarbeid om akutt hjelp	Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid - Vinje	Samarbeid om akutthjelp senger
Jordmorberedskap i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid - Seljord	Døgnberedskap på DPS i Seljord
Samhandlingskoordinator	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles samhandlingskoordinator i Vest-Telemark. Lokalisert i Vinje
Gjeldsrådgeving i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles gjeldsrådgeving i Vest-Telemark. Lokalisert i Seljord
Vest-Telemark pedagogisk psykologisk teneste (PPT)IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles PP-teneste i Vest-Telemark
Barnevernsamarbeidet I Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid - Kviteseid	Barnevernteneste
Alarmsentralen 110	Alle 18 kommunane i Telemark	Vertskommunesamarbeid - Skien	Betener mottak av meldingar om brann og ulukker frå innbyggjarane i Telemark
Vest-Telemark brannvesen IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles brannsjef og førebyggjande brannvern

Renovest IKS	Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Avfallsselskap
--------------	--	---------------------------	----------------

OM VINJE

➤ **Kommunestruktur og Vinjes val**

Vinje har gjennomført ei utgreiing som syner kva for «fusjonsalternativ» som kan vere aktuelle for kommunen og kva konsekvensar ulike alternativ kan ha. Denne er utarbeidd av Telemarkforskning.

Etter valet ynskte ordførar å forankre vedtaket om vidare arbeid politisk. Kommunestyret fatta følgjande vedtak i møte 19.11.2015, sak 15/19 «Kommunereformprosessen – forankring av tidligare vedtak»:

1. Vinje kommune deltek i eit forprosjekt som vurderer konsekvensane av å oppretthalde dagens kommunestruktur, med eit meir pliktande samarbeid mellom dei seks kommunane i Vest-Telemark.
2. Vinje kommune deltek ikkje i eit forprosjekt med Tokke kommune.
3. Kommunestyret opprettar eit mellombels utval som arbeidsgruppe for lokal oppfølging av kommunereformen. Utvalet blir sett saman av éin representant m/vara utpeika av dei politiske partia representert i kommunestyret, samt éin hovudtillitsvald og hovudverneombodet.
4. Forhandlingsutvalet i Vinje vert: ordføraren, varaordføraren og opposisjonsleiaren.
5. Vinje kommune ynskjer eigne samtaler med Tokke og Tinn kommunar for å drøfte eksisterande og nytt samarbeid mellom desse tre kommunane.

Dette tyder at Vinje kommune skal vere eigen kommune, men søkje samarbeid med nabokommunane.

Det er sett i gang eit utgreiingsarbeid der representantar for Vest-Telemarkskommunane ser på auka interkommunalt samarbeid innan områda, økonomi, myndigheitsutøving, samfunnsutvikling, lokaldemokrati og tenesteproduksjon.

TAL FRÅ VINJE OG VÅRE UTFORDRINGAR

Sjå vedlegg:

I vedlagde *Utfordringsnotat* og *Tal frå Vinje*, ligg bakgrunnsinformasjonen for både Planstrategi og Kommuneplanens samfunnsdel

➤ **Utviklingstrekk og trendar**

Med bakgrunn i kunnskapen om kunnskap om eigen kommune, samfunnstrendar, utviklingstrekk og kva som skapar attraktivitet, kan ein styre utviklinga i den retninga ein meiner er rett.

Telemarkforskning har i studiet [«Suksessrike distriktskommunar»](#) TF-rapport nr. 303, 2012, identifisert tydelege spor av både retningar og handlingar som peikar mot suksess. Kort oppsummering av fire hovudfunn i rapporten:

1. *«Det første er **at stedlig suksess ser ut til å handle mye om stedlig kultur**. For et klart flertall av studiens femten casekommuner, finner vi tydelige spor av en offensiv og optimistisk utviklingskultur.*
2. *Det andre vi peker på er det som **distriktskommunene selv betegner som "smådriftsfordeler"**. I de analyserte kommunene viser det seg at det er kort vei mellom ideer og beslutninger, og disse korte avstandene utnyttes. Det er stor grad av kunnskapsdeling og tillitsbygging på tvers av fag- og sektorgrenser. Det tredje vi peker på, og dokumenterer betydningen av, er lokale entreprenører – det som ofte går under betegnelsen ildsjeler. En rekke datakilder peker mot enkeltpersoners viktighet for betydningsfulle tiltak, nyskappingsinitiativer eller nye veivalg som er blitt tatt i kommunene.*
3. *Det tredje vi peker på, og dokumenterer betydningen av, er **lokale entreprenører – det som ofte går under betegnelsen ildsjeler**. En rekke datakilder peker mot enkeltpersoners viktighet for betydningsfulle tiltak, nyskappingsinitiativer eller nye veivalg som er blitt tatt i kommunene. Vi understreker i vårt materiale at dette ikkje alltid handler om privatpersoner utenfor kommunen. Flere steder ser vi at det er ordførerens personlige initiativer, rådmannens "kjepphester" eller at andre kommunale ledere har "tatt grep" med retningsgivende effekt. Som oftest handler imidlertid beretningene fra kommunene om enkeltpersoner i næringslivet eller fra det sivile samfunnet, som gjennom det handlingsrommet de har tatt, og fått, er blitt opphav til ny utvikling.*
4. *Vi ser også at **de kommunene som lykkes har benyttet anledninger som er kommet**. På alle steder eller kommuner oppstår det fra tid til annet, anledninger. Det kan være kriser eller uforberedte muligheter. Noen griper anledningen – andre lar den drive forbi. De suksessrike kommunene i studien ser ut til å ha hatt et særlig heldig grep med å "fange mulighetene" – dreie kriser til anledninger, se på farer som potensialer, osv.»*

Telemarkforskning trekk fram fem viktige funn/påstandar om framtida:



Knytt til dei fem funna, er det fem viktige spørsmål vi må stille når vi planlegg:

1. Vi vil framleis vere menneske! Sosiale, leikne nysgjerrige.

Korleis kan vi ruste oss for ei framtid prega av verdiskapingsvekst knytt til sosiale, nysgjerrige og leikne verdiar?

2. Alt som kan digitaliseras vil bli digitalt! Industri, service, helse og omsorg, handel.

Korleis skal vi ruste oss for ei framtid som er endå meir digitalisert og automatisert?

3. Endringar vil koma stadig fortare!

Kor raskt kan vi og andre aktørar snu oss og handle saman? Og kva konsekvensar får dette for samfunnsplanlegginga vår?

4. Behovet for tverrgående kunneskap vil auke! Behovet for kunnskap vil auke –særleg på tvers. Samansett, relevant kunnskap blir etterspurt.


Korleis kan vi rigge oss for å hauste idear, finne løysingar og utvikle produkt og tenester på tvers av bransjar, kompetansetradisjon og geografi i høve til prosessane rundt kommunereforma?

5. Globalisering gjeng ikkje yvi –tvert om ! og med alle konsekvensane for økonomi, politikk, kultur, kunnskap, problem og løysingar.

Kva for kompetanse, kontaktar og konkret engasjement har vi «ute i verda» –kva for mottiltak har vi for å utnytte verdiskapingspotensialet som kjem hit?

Telemarkforskings funn visar og at

- utvikling av stader er sterkt knytt til folka
- tilhøvet mellom bustadsattraktivitet, bedriftsattraktivitet og besøksattraktivitet skaper vekst
- det er heilt naudsynt med lokale kompetente og komplementære, tillitsfulle nettverk !



Kommunens handlingsrom ligg mellom faktorane bustadattraktivitet, bedriftsattraktivitet og besøksattraktivitet.

➤ **Vurderinga av planbehovet (§ 10-1 første ledd)**

Kommunal planstrategi skal utformast etter behovet i den enkelte kommune. Det sentrale i paragrafen sitt første ledd er at det skal ligge ei vurdering til grunn for prioriteringane av planbehovet. Første ledd viser til at denne vurderinga bør bygge på ei drøfting av kommunen sitt planbehov i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon. Kommunen bestemmer sjølv innhaldet i vurderingane.

VÅRE PLANAR

Kommuneplan er styrande for all planlegging i dei norske kommunane, her under temaplanar og økonomisk handlingsplan. Formålet med kommuneplan er å skape langsiktig og framsynt politikk og arealbruk for kommunens innbyggjarar.

Kommuneplan er omtala i Plan- og bygningslova § 11-1.

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.»

➤ **Overordna planar**

Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2035

Formannskapet har vedteke rullering av Kommuneplanens samfunnsdel og arbeidet har starta opp.

Kommuneplanens arealdel 2011-2023. Vedteke i sak i KS sak 11/75 i KS 01.11.2011, revidert etter mekling og nytt vedtak i KS sak 12/43 29.03.2012.

Det er behov for å sjå på følgjande tema: driftshytter og ande næringsbygg i LNF (jf. vedtak i kommunestyret 01.09.11, sak 11/75), spreidd hyttebygging; opne for innspel om enkelttomter, vurdere større område for spreidd hyttebygging i område der ein gjerne vil vere positiv.

Vi vurderer at arealdelen i kommuneplanen treng ei mindre å rullering i denne perioden.

Budsjett 2016

I samsvar med kommunelova sine reglar skal budsjettet alltid vedtakast i balanse og synleggjere mellom anna ressursbruk og mål for aktivitet.

Årsbudsjettet er saman med økonomiplanen, den operative delen av samfunnsdelen i kommuneplanen. Her skal ein synleggjere dei ulike aktivitetane som krev ressursar frå eigen kommune.

Nytt budsjett vert lagt fram kvart år i samsvar med kommunelova.

Økonomiplan 2016-2019

Økonomiplan viser eit sett med drifts- og investeringstiltak. I samsvar med kommunelova sine reglar skal økonomiplanen alltid vedtakast i balanse og synleggjer mellom anna ressursbruk og mål for aktivitet i perioden 2012- 2015.

Økonomiplanen er saman med årsbudsjettet, den operative delen av samfunnsdelen i kommuneplanen. Her skal ein synleggjere dei ulike aktivitetane som krev ressursar frå eigen kommune.

Ny økonomiplan vert revidert årleg i samsvar med kommunelova sine reglar.

➤ Arealretta kommunedelplanar

Kommunedelplan (kdp) Rukkemo –Torvetjønn. Vedteke KS i sak 01/61, 27.09.2001.

Sjølv om det ikkje har kome konkrete innspel, er dette eit område med stor aktivitet og følgjande tema må vurderast:

- Alpinanlegga - kva har vi i dag, og korleis kan vi sjå for oss framtidig behov (heisar, nedfartar, samband)
- Skiløyper (og stiar) - kva er framtidig behov, ulike landskapsrom - kva for område er spesielt verdifulle, kva for område toler ikkje utbygging.
- Viktige friluftsområde og attraksjonar, t.d. strandsone, utsiktspunkt
- Landskap : eksponerte område (toppar, ryggar o.s.b), område som eignar seg for utbygging og område som ikkje eignar seg .

Vi vurderer at kommuneplan for Rukkemo - Torvetjønn treng rullering tidleg i denne perioden.

Kommunedelplan for Åmot. Vedteke KS 29.06.1993

Det er tilstrekkeleg næringsareal innanfor gjeldande kdp, slik at med noko regulering kan behovet vere dekt ein periode til eller meir.

- Nye bustader: sett i høve til den byggeaktiviteten som har vore dei siste 15 åra, er det framleis til strekkeleg med tomter att, slik at rullering av kdp kan vente eir par år. I mellomtida må ein vurdere om det er gode moglegheiter for nye tomter.

- Rullering bør inkludere framtidsetta E134 gjennom Åmot , ev. utanom (dersom over Rauland).

Vi vurderer at kommuneplan for Åmot treng rullering i slutten av denne perioden.

Kommunedelplan for Haukeli/Edland. Vedteke i KS i sak 130/9, 01.12.1993

Det er tilstrekkeleg næringsareal innanfor gjeldande kdp, slik at med noko regulering kan behovet vere dekt ein periode til eller meir.

- Nye bustader: sett i høve til den byggeaktiviteten som har vore dei siste 15 åra, er det framleis til strekkeleg med tomter att, slik at rullering av kdp kan vente eir par år. Det er likevel slik, at dei tomtene som er att er ikkje særleg attraktive, og moglegheitene innanfor kdp er heller ikkje veldig gode.

Vi vurderer at kommuneplan for Haukeli/Edland treng rullering tidleg i denne perioden.

Kommunedelplan Vågslid 2002-2014. Vedteke i KS 06.06.2002

Ny kommunedelplan er under arbeid.

Kommunedelplan for Rauland 2006-2017. Vedteke i KS sak 06/09, 02.03.06. Revidert i KS sak 10/8, 11.02.10

Relativt ny, ingen innspel som indikerer behov for større endringar.

Vi vurderer at kommuneplan for Rauland ikkje treng rullering i denne perioden.

Motorferdselplan. Vedteke KS 20.02.2003. Mindre endringar PL1 25.06.2003

Behov for rullering innom fleire tema. Arbeid med planen skal starte opp i 2016.

Vi vurderer at kommuneplan Motorferdselplanen treng rullering i 2017.

Kommunedelplan for stiar –og løyper 2016-2026.

Formål: Sterk vekst i utbygging av fritidseiningar aukar presset på løypenettet og løypenettet er ein viktig del av infrastrukturen og tilbodet. Eit velutvikla løypenett gir gode naturopplevingar og er helsefremmande for fastbuande og tilreisande.

Sti og løypeplan blir vedteke i løpet av 2016.

Vi vurderer at kommuneplan for stiar og løyper ikkje treng ytterlegare rullering i denne perioden

➤ **Kommunedelplanar og andre sektorovergripande planar**

Formål: Overordna planar som einingane må forhalde seg til

Overordna beredskapsplan

Formål: Den overordna beredskapsplanen er Kriseleingas plan for å handtere store hendingar som måtte ramme kommunen.

Arbeidet med Overordna beredskapsplan startar opp sommar 2016 og vedtakast vinter 2016/17.

Vi vurderer at planen ikkje treng ytterlegare rullering i denne perioden

Helse –og omsorgsplan

Formål: Å ha eit overordna politisk og administrativt styringsverktøy for helse og omsorgssektoren som sikrar oppfyljing av juridiske plikter, og er i tråd med nasjonale og lokale føringar, og som sikrar utvikling av tenestene i tråd med framtidens utfordringsbilete.

Arbeid har starta opp og vil avsluttas i løpet av 2017.

Vi vurderer at planen treng rullering kvart 4.år

Rusmiddelpolitisk handlingplan 2016 - 2019

Jf. §1-7d Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan i Alkohollova skal det utarbeidast **ny, heilskapleg Rusmiddelpolitisk handlingsplan.**

Formål: Kommunen har alkoholpolitiske retningslinjer, men dette er ikkje tilstrekkeleg. Kommunane blir råda til å lage ein samla rusmiddelpolitisk handlingsplan, der den alkoholpolitiske planen inngjeng. Ein skal ivareta næringspolitiske, helsemessige interesser og tilgjenge. Det går fram av regelverket at kommunestyret skal drøfte alkoholpolitikken innan 30. sept. året etter det nye kommunestyret er konstituert. Sak om dette kjem til kommunestyret i juni, noko som gjev politikarane moglegheit til å nå fristen.

Arbeidet med ny, ruspolitisk handlingsprogram skal starte opp i 2016.

Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan jf. alkohollova §1-7d

Alkoholpolitisk handlingsplan leggst fram til politisk handsaming sommar 2016, blir deretter innarbeidd i hy ruspolitisk handlingsplan.

Plan for helse -,sosial –og smitteberedskap. Vedteke i KS sak 15/34, 17.12.2015 (avløyser tidlegare Plan for helse og sosial beredskap av 20.12.2005, revidert aug 2014.

Planen må reviderast viss det er faglege omsyn som tilseier det

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Vedteke i KS sak 7/16, 18.02.2016

Handlingsplanen mot vald i nære relasjonar er eit bindande dokument for alle tilsette i Vinje kommune.

Vi vurderer at planen ikkje treng ytterlegare rullering i denne perioden

Bustadpolitisk plan 2015-2018. Vedteke i KS i sak 15/4, 12.02.15

Formål: Tiltak, verkemiddel og tenester for at alle skal kunne busette seg og bli buande.

Vi vurderer at planen bør rullerast i 2017

Bustadsosial handlingsplan for Vinje kommune 2011-2016. Vedteke i KS 10.05.2012.

Planperioden er fram til 2016 og nye behov har kome til.

Vi vurderer at planen bør rullerast i 2017

Kommunedelplan for trafikksikring 2008 -2015. Vedteke PLM 26.11.2014, administrativt vedtak 09.04.2015

Formål: Det skal være trygt å ferdest til fots, med sykkel, bil og buss i nærmiljø og langs ferdselsårene i Vinje.

Arbeid med rullering har starta opp og vil bli gjennomført i løpet av 2017.

Vi vurderer at planen ikkje treng ytterlegare rullering i denne perioden

Verksemdplan: SLT- Samordning av lokale kriminalførebyggande tiltak 2014-2017.

Vedteke i OVU 25.09.2013

Formål: Gjennom eit forpliktande samarbeid skal SLT sikre barn og unge trygge oppvekstvilkår. Med dette meiner ein at det skal arbeidast med tiltak som verkar førebyggjande på kriminalitet, rus og ekstremisme. Ein skal arbeide med tiltak som hindrar framvekst av åtferdsproblem og som reduserer utviklinga av psykiske problem blant barn og unge. Målet er å få meir effekt ut av tiltak som allereie er sett i gang, ved at forskjellige etatar støttar og utfyller kvarandes arbeid. Slik skal kommunen sine born og unge kunne få rett hjelp til rett tid av eit hjelpeapparat som fungerer godt på tvers av etatar og faggrupper.

Vi vurderer at planen bør rullerast i 2017

Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2017. Vedteke i KS sak 14/64, 02.10.2014

Formål: Denne planen er tillagt eit større folkehelseperspektiv og legg meir vekt på eigenverdi og nytteverdi, knytt til det å vere generelt fysisk aktiv. Hovudmålet er å på best

mogleg måte *legge til rette for* og *stimulere* til fysisk aktivitet for innbyggjarane. Planen tek omsyn til idrett, friluftsliv og uorganisert aktivitet for alle aldersgrupper.

Rullering av handlingsplan og prioritering av spelemidlar i KS sak 15/35, 17.12.2015

Handlingsplan og prioriteringar rullerast årleg.

Målbruksplan for Vinje kommune. Vedteke KS 01.09.2011

Formål: Skriftspråket som vert nytta i kommunen er nynorsk. Språket må vera så godt og variert som mogeleg. Kommunen ønskjer eit enkelt, klart og brukarvenleg språk. Likeins ønskjer me at det vert nytta høfleg tiltale og eit skriftmål som ligg nær opp til god offentleg nynorsk.

Målbruksplanen ligg føre, men må aktiverast i organisasjonen.

Vi vurderart at denne planen ikkje treng rullering i perioden.

Kommunedelplan for kultur i Vinje kommune 2012-2021. Vedteke i KS i sak 12/31, 01.03.2012

Formål: KK 2012-2021 skal vera ei rettesnor og styringsverktøy for politisk og administrativt nivå i Vinje kommune :

- Halde oppe visjonar, prinsipp og mål for det langsiktige kulturarbeidet
- Påverke tankevane, politisk og administrativt, slik at konkrete tiltak og val ein gjer vert strategiar for ei berekraftig utvikling av kunst og kultur i Vinje
- Innarbeide Kulturlova sine intensjonar i eigne kulturpolitiske plandokument

Arbeid med rullering har starta opp og vedtak fattast i fyrste halvdel av 2017.

Vi vurderart at denne planen ikkje treng ytterlegare rullering i perioden

Klima- og energiplan Vinje kommune 2010-2013. Vedteke i KS sak 10/33, 20.05.2010

Formål: Oppfylle Stortingets målsettinga jf. Energimeldinga. Sikker og fleksibel energiforsyning basera på utnytting av regionens energikjelder. All bruk av el skal koma frå fornybare energikjelder.

Ny krav gjer at planen må rullerast og dekkjer ikkje lengre dei utfordringane kommunen skal løyse.

Vi vurderer at planen rulleras i 2017

Næringsplan for Vinje kommune. Vedteke i KS sak 04/98, 01.07.04 Vedtak om rullering i KS sak 15/23, 16.04.2015

Ny næringsplan er under arbeid og skal vedtakast i løpet av året.

Vi vurderer at det skal vere ein tiltaksgjennomgang anna kvart år og at heile planen reviderast i starten av neste periode

Kulturminneplan. Kulturminneplan 1.gongs handsaming. Vedteke i PLM 27.11.2013

Arbeidet har stoppa opp pga. kapasitetsproblem, men er teke opp att i 2016, og skal vere ferdig vinter 2016/17.

Vi vurderer at denne planen ikkje treng ytterlegare rullering i denne perioden

Landbruksplan for Vinje kommune 2005-2008. Vedteke KS 27.01.2005. Revidert i KS sak 15/38, 17.12.2015

Formål: Landbruksplanen skal leggje til rette for at både politiske, administrative og økonomiske ressursar blir brukt så effektivt og målretta som mogeleg. Planen skal leggje føringar for bruk av administrative ressursar, økonomiske ressursar og politisk handsaming.

Vi vurderer at planen bør reviderast i starten av neste periode

➤ **Sektorplanar –men kan gjelde fleire einingar**

Formål: Konkrete tiltak i organisasjonen/einingane

Barnehageplan 2014-2019. Vedtak i KS i sak 14/82, 11.12.2014

Formål: Planen inneheld felles satsingsområde som er forpliktande for barnehagane. Samstundes skal det vera rom for at kvar barnehage kan skapa sin eigen identitet. Planen er ein reiskap for å sikre målstyring og resultatoppfølging av arbeidet, og han skal vera eit verktøy i samband med avklaring av interne val og prioriteringar. Planen skal gje retningslinjer og signal til arbeidet med strategiske planar og verksemdsplanar i dei enkelte einingane.

Vi vurderer at planen ikkje treng rullerast i denne perioden.

Frå eldst til yngst (overgang frå barnehage til skule)

Vi vurderer at planen ikkje treng rullerast i denne perioden.

Erta, berta (antimobbepplan for barnehagane)

Vi vurderer at planen ikkje treng rullerast i denne perioden.

Språkplanen for barnehagar og skular

Vi vurderer at denne planen ikkje treng rullering i denne perioden.

Plan for den kulturelle skule –og barnehagesekken

Formål:

- Å tilby fleire prøveprosjekt som involverer elevane
- Å bidra til kompetanseheving i kulturskulene
- Å tilby fleire prosjekt som fokuserer på formidling av mangfald
- Å tilby fleire prosjekt innanfor film
- Å tilpasse turnélegginga til kommunanes ynskje og behov i større grad

Arbeid med rullering har starta opp i 2016.

Vi vurderer at planen ikkje treng ytterlegare rullerare rullering i denne perioden

Rammeplan for kulturskulen. Mangfald og fordjuping.

Arbeidet med ny plan har starta opp og skal vedtakast våren 2017.

Vi vurderer at planen ikkje treng ytterlegare rullerare rullering i denne perioden

Strategiplan: Tilsyn og sanksjonar etter Plan og bygningslova. Vedteke i PLM 13.05.2015

Det har vore mykje fokus på kommunes oppfølging.

Vi vurderer at strategiplanen må rullerast i 2016.

Beitebruksplan. Vedtak i PLM 01.04.2003

Arbeid med planen har starta opp og vil vere ferdig sommar 2017.

Vi vurderer at planen bør reviderast i starten av neste periode

Hovudplan for vatn og avløp 2014-2020

Vi vurderer at denne planen ikkje skal reviderast i denne perioden

Hovudplan Veg 2015-2020

Vi vurderer at denne planen ikkje skal reviderast i denne perioden

➤ Forskrifter

Forskrift for løypenettet for snøskuter. Vedteke i KS 10.03.2016

Føremål: Å kanalisere ferdsla av fritidskøyring med snøskuter for å minimere omfanget av ulovleg køyring med snøskuter i utmark, og balansere interessene til snøskuterkøyrarar, friluftsliv, naturmangfald, hytteeigarar og innbyggjarar i Vinje kommune.

Det skal gjennomførast evaluering i 2018

Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 av 2013

Forskrifta reviderast ved behov

Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr av 2012

Forskrifta reviderast ved behov

**Forskrift naudsynt motorferdsle i Vinjes del av (Hardangervidda nasjonalpark)
HVN av 2010**

Adresseforskrift for Vinje kommune

Kommune har ikkje fastsett forskrift for adressering, men har reglar for dette.

Vi vurderer at det bør lagas adresseforskrift i 2017

➤ **Retningsliner**

Retningsliner for kunstnarisk utsmykking av offentlege uterom i Vinje kommune og retningsliner for innkjøp, gåver og plassering. Vedteke i Formannskapet 16.08.2007

Retningsliner for utsmykking av kommunale bygg i Vinje kommune. Vedteke i Formannskapet 16.08.2007

Alkoholpolitiske retningsliner for Vinje kommune 2012-2016. Endra: i Formannskapet 03.09.15
































Må moglegvis endrast i samband med ny, heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

PRIORITERING

 = Revisjon/rullering

 = Vidareføring

 = Ny plan

	2016	2017	2018	2019	Neste KS- periode	Kommentar
Overordna planar						
Kommuneplanens samfunnsdel 2016- 2035						Under arbeid
Kommuneplanens arealdel 2011-2023						
Budsjett						Årleg
Økonomiplan						Årleg
Arealretta kommune- delplanar						
Kommunedelplan (Kpd) Rukkemo -Torvetjønn						Forprosjekt med start haust 2016
Kpd Åmot						Oppstart avhengig av m.a. traseval E134
Kpd Haukeli -Edland						Administrativt arbeid startar haust 2016
Kpd Vågslid 2002-2014						Under arbeid
Kpd Rauland 2006-2017						
Motorferdselplan 2003						Ferdig før vintersesongen 2016
Kpd for stiar –og løyper 2016-2026						Under arbeid, ferdig haust 2016
Kommunedelplanar og andre sektorover- gripande planar						
Overordna beredskapsplan						Oppstart haust 2016, ferdig sommar 2017

Helse –og omsorgsplan		Arbeidet har starte opp, ferdig sommar /haust 2017
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2019		Ny heilskapleg plan
Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan		Vedtakas sommar 2016, innarbeidas så som del av Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2019
Plan for helse -,sosial og smitteberedskap av 2015		Erstattar Plan for helse- og sosial beredskap
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar av 2016		
Bustadpolitisk plan 2015-2018		Enkel revisjon 2017
Bustadsosial handlingsplan 2011-2016		
Kommunedelplan for trafikksikring 2008 – 2015		Administrativt arbeid har starta opp
Verksemdplan SLT 2014 - 2017		
Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014 -2017		Årleg revisjon av handlingsplan
Målbruksplan 2011		Aktiverast
Kommunedelplan for kultur 2012-2021		
Klima - og energiplan 2010-2015		Behov for rullering
Næringsplan		Under arbeid, vedtakas haust 2016. Tiltaksgjennomgang anna kvart år
Kulturminneplan		Ny plan under arbeid, ferdig vinter 2016/ 2017
Landbruksplan 2015-2019		Vedteke sept. 2015
Sektorplanar –men kan gjelde fleire einingar		
Barnehageplan 2014 -2019		

Frå eldst til yngst	■					
Erta, berta	■					
Språkplanen for barnehagar og skular	■					
Plan for den kulturelle skule- og barnehagesekken 2016-2019	■	■			■	
Rammeplan for kulturskulen –mangfald og fordjuping	■	■			■	Ny plan , vedtakast vår 2017
Strategiplan tilsyn	■	■			■	
Beitebruksplan	■	■			■	Oppstart haust 2016
Hovudplan for vatn og avløp 2014-2020	■				■	
Hovudplan Veg 2015-2020	■				■	
Forskrifter						
Forskrift for løypenett for fritidskøyning med snøskuter	■	■		■	■	Ferdigstilt 2016 Evaluering i 2018
Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 av 2013	■				■	
Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr av 2012	■				■	Revisjon ved behov
Forskrift naudsynt motorferdsle i Vinjes del av HVN av 2010	■					Revisjon viss revisjon av vernereglane
Forskrift om politivedtekt, Vinje kommune, Telemark av 12.06.2016	■				■	Revisjon ved behov
Forskrift om grensefastsettelse, Vinje kommune, Telemark og Suldal kommune, Rogaland av 13.11.1959	■					Revisjon ved behov

Adresseforskrift for Vinje kommune							Ny
Retningslinjer							
Kunstnarisk utsmykking av offentlige uterom av 2007							Revisjon i samband med rullering av kommunedelplan for kultur
Utsmykking av kommunale bygg av 2007							Revisjon i samband med rullering av kommunedelplan for kultur
Alkoholpolitiske retningslinjer for Vinje kommune 2012-2016.							Revisjon i samband med ny rusmiddelpolitisk handlingsplan

VEDLEGG: UTFORDRINGSNOTAT OG TAL OM VINJE